

Til Møre og Romsdal fylkeskommune  
[post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)

## Høyrings svar Fylkesstrategi, kultur, frivillig sektor og arenaer

Studieforbundet kultur og tradisjon takkar for moglegheita til å gje høyrings svar, vi vil gjerne bidra.

Studieforbundet representerer meir enn 40 medlemsorganisasjonar og er ein stor kompetanseaktør også i Møre og Romsdal. Slik er det svært relevant for oss å gje innspel til strategiplanen «Fylkesstrategi, Kultur, frivillig sektor og arenaer».

Studieforbundets kursverksemd er prega av Covid-19, men kan likevel gledeleg melde om ein reduksjon på knapt 33% frå 2019 til 2020. Dette er lågare enn landsgjennomsnittet.

| ÅR   | KURS | TIMER  | DELTAKERE |
|------|------|--------|-----------|
| 2020 | 557  | 13.932 | 3.598     |
| 2019 | 686  | 20.808 | 4.923     |

## Kompetansepolitikk

I ein region med spreidd busetting, og til dels aldrande befolkning i delar av regionen, meiner vi det er helt nødvendig at Møre og Romsdal fylke legg til rette for breitt samarbeid på tvers av sektorar og fagområde for kurs og kompetanseheving. Vi meiner viktige oppgaver kan løysast dersom privat, offentleg og frivillige krefter og miljø samhandlar. Som studieforbund er vi særleg opptekne av at frivilligheita må innlemmast i kompetansepolitiske planar. Vi meiner det frivillige må sjåast på som en ressurs, der ikkje-formell opplæring blir løfta og får anerkjening. Dette opplever vi strategiplanen støttar opp om. Studieforbunda tilbyr opplæring og utdanning til alle, både formell kompetanse og lågterskeltilbod som er opne for alle uansett bakgrunn, kjønn, alder, etnisitet og funksjonsnivå. Får vi til eit samspel mellom offentleg utdanning og ikkje-formell opplæring i både næringsliv og det frivillige, vil det kunne bidra til kompetanseløft for heile befolkninga, både i områda med tettast befolkningsvekst, og ikkje minst i områda med fråflytting. Særleg har dette blitt svært aktuelt i situasjonen som har oppstått i samband med Covid-19-pandemien. Talet på arbeidsledige aukar. Dette vil med stort sannsyn føre til at mange må omskolere seg, auke eller endre kompetansen sin. Studieforbunda tilbyr vaksenopplæring som kan bli svært viktig for mange innbyggjarar framover. Vi meiner dei frivillige organisasjonane er avgjerande for å bygge ein sterkare kultur for læring, nettopp fordi det frivillige er til stades overalt, i alle fasongar og innanfor eit stort mangfald av fagområde. Det er gledeleg å sjå at strategiplanen er inne på rolla det frivillige har på dette feltet.

Grensegangane mellom formell og ikkje-formell opplæring er saumlause, likeeins kven sitt ansvarsområde dette fell inn under. I mange samanhengar står ein med ein fot i både det frivillige kulturfeltet og det formelle utdanningsområde. Eit døme på dette er sveinebrevs utdanningar. Frivilligheita spelar ei viktig rolle for eit tilpassa utdanningsløp for mange, og må reknast med i det samla søket etter utdanningsmoglegheiter. Vi meiner difor det bør opprettast et kompetansepolitisk råd i Møre og Romsdal, der samhandling med nærings- og arbeidslivet står sentralt, og der alle kompetansetilbydarar i regionen har plass. Her må VOFO med sine 14 studieforbund vere representert.

### **Inkludering og deltaking**

Det er lokalt dei gode, inkluderande miljøa blir skapt, og her er studieforbunda si rolle svært viktig. Framleis auka fokus på dette arbeidet er viktig for å nå måla om god inkludering i samfunnet på mange nivå.

Det er i konklusjonane i planen uttrykt bekymring i synkende deltakartal i dei frivillige organisasjonane attpå Covid-19, og ei utvikling som syner stadig meir kortvarig deltaking, prosjektretta og færre som tek verv. Ei bekymring i tillegg, meiner vi, er og deltaking og engasjement hjå eldsjeler og fagpersonar. Vil dei vil vera tilgjengelege og motiverte for innsats attpå re-opning av samfunnet? For å kome desse utfordringane i møte, er det ekstra viktig med satsing på langsiktig kompetanseheving, etter- og vidareutdanningstilbod for eldsjeler og fagpersonar.

### **Ein stad å vere**

Vi veit at frivillige organisasjonar innan kulturfeltet strevar med å finne eigna lokale å drive opplæring i. Kulturalliansen har gjennomført ei kartlegging i eit utval pilotkommunar, *Rom for kultur*, som mellom anna avdekte at laga øver i kommunale og organisasjonseigde bygg der 76 % er ikkje eigna akustisk, og berre 22 % av lokala er tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne. Undersøkinga viser eit stort behov for oppgradering av organisasjonseigde bygg. Her ligg eit stort etterslep av vedlikehaldskostnader. Dette er også nemnt i strategiplanen. Ei like stor utfordring er og graden av tilgjengelegheit på lokale.

Voksenopplæringsloven sikrar ikkje at desse lokala kan leigast gratis av organisasjonane i helger. Dette er i stor grad tid brukt til øving i mange lag og organisasjonar, og også tida lokala ikkje er i bruk av andre. I frivillige og ideelle organisasjonar er det avgjerande for å kunne drive opplæring at utgiftene blir haldne nede. Her burde gjerast grep for å gjere desse lokala lettare tilgjengeleg dei tider organisasjonane har bruk for å nytte dei og den tida dei faktisk er tilgjengelege for bruk.

### **Oppsummert:**

Vi ser fram til det vidare arbeidet med å realisere måla i strategien. Vi håper frivilligheita og studieforbunda blir inviterte til å delta, og at den gode viljen til samarbeid held fram.

Vi ønskjer meir anerkjenning av ikkje-formell opplæring som del av kompetanspolitikken og eit tettare samarbeid knytt til opplæring og utdanning mellom det frivillige, det offentlege, arbeidsliv og næringsliv. Vi ynskjer oss også ein romslegare praksis for å stille lokale til disposisjon gratis for lag og organisasjonar, samt ei satsing på vidare- og etterutdanning av eldsjeler og fagpersonar som eit tiltak for å reise feltet att attpå nedstenging.

Vågå 11.08.2021

Med venleg helsing

Studieforbundet kultur og tradisjon

Kjærsti Gangsø

Daglig leiar

Anne Juveli Ludvigsen

Fylkeskontakt Møre og Romsdal